

## **Årsmelding 2004 for Norsk Bane AS**

### **1. Hovudpunkt**

Året 2004 er prega av svært stor aktivitet og til dels oppsiktsvekkjande framsteg i den politiske utviklinga. Intensiv informasjonsarbeid, både mot det sentrale politiske miljøet, næringsorganisasjonane, fagmiljøa og opinionen, resulterer både i viktige mogningsprosessar og konkrete vedtak:

#### *– Nasjonal Transportplan*

I vedtaket om Nasjonal Transportplan 2006 – 2015 bed Stortinget den 15.6.04 om "økt koordinering med utbyggingen av høyhastighets jernbane i Europa" og om ei uavhengig utgreiing av aktuelle standardar for eit framtidig banenett i Noreg. Vedtaket er i tråd med regjeringa sitt framlegg av 12.3.04, men det varer til 21.3.05 før ei utgreiing vert sett i gang, førebels med eit meir snevert mandat enn Stortinget har bede om.

#### *– Programma til Stortingsvalet 2005*

Fylkesårsmøta til dei politiske partia i 2004 legg viktige føringar for programarbeidet. T.d. snur Telemark Arbeiderparti den 24.4.04 tidlegare vedtak på hovudet og bed om at det "igangsettes utredningsarbeid av høyhastighetsbaner i Norge." Våren 2005 får ein ny jarnbanepolitikk brei oppslutnad på landsmøta til ei rekkje parti. Både SP, SV, V og KrF krev tevleføre banesamband for langdistansetrafikken. Mest presise og ambisiøse er Venstre og SV, som òg går mykje lengre enn i tilsvarande vedtak tidlegare.

#### *– Aktivitet i heile landet*

Med detaljert planarbeid og innspel til politiske prosessar utvidar Norsk Bane AS sitt arbeidsområde til store delar av landet. Sambandet Oslo – Trondheim har prioritet. Våren 2005 er Fylkestinget i Sør-Trøndelag det første i landet som bed Samferdsledepartementet om eit breiare mandat for høgfarutgreiinga for Stortinget. Aktiviteten i heile landet legg grunnlaget for breie fleirtal på landsmøta til dei politiske partia.

#### *– Haldningsendring i fagmiljøa*

I 2004 får Norsk Bane AS tydelege signal om positive haldningar, først frå NSB AS, seinare òg frå Jernbaneverket. Klåre standpunkt frå Norsk Bane AS til regjeringa sitt opplegg for tevling i banesektoren legg grunnlaget for konstruktive dialogar med fagmiljø. Konsernleiinga i NSB AS har eit miniseminar med Norsk Bane AS den 10.9.04. Jernbaneverket skriv våren 2005 at ein ønskjer å bruke arbeidet til Norsk Bane AS i høgfarutgreiinga for Stortinget, etter å ha åtvvara mot planane så seint som 19.10.04. Også naturvernorganisasjonane endrar haldning. Medan ein tidlegare berre kravde meir pengar til jarnbanen, framhevar ein no behovet for tevleføre banesamband, òg i høve til fly, og dimensjonering av nye baner for gjennomgåande høg fart.

#### *– Dialog med nye målgrupper*

Norsk Bane AS får i 2004 for første gong høve til å presentere arbeidet sitt for mange som tidlegare ikkje ville bruke tid til slikt. Det har ofte svært positive ringverknader. Likevel finst det framleis nokre få instansar som arbeider aktivt for ikkje å bli konfronterte med ny kunnskap.

Framgangen for Norsk Bane AS er m.a. resultat av eit klårt betre økonomisk grunnlag enn tidlegare. Likevel yter både styremedlemene og dagleg leiar òg i 2004 ein betydeleg uhonorert innsats. Selskapet får eit driftsoverskot på kr. 30.906 før skatt. Rekneskapen for 2004 er basert på at verksemda til Norsk Bane AS vil halde fram.

## 2. Presentasjonar

I 2004 er styret og dagleg leiar i Norsk Bane AS i personleg dialog med svært mange:

*Stortinget:* Odd Holten og Jan Sahl, KrF (14.1.), SVs fraksjon i Samferdslekomitéen (21.4.), Anette Trettebergstuen, AP (4.5.).

*Partiorganisasjonar og nøkkelpersonar:* Gry Larsen, AUF (15.1.), Sindre Beyer, APs hovudkontor (13.2.), Unge Venstres årsmøte (13.2.), Ola Huke og Geir Jarle Sirås, SV Sør-Trøndelag (9.3.), Ine Marie Eriksen, Unge Høgre (12.3.), Hordaland Venstre (21.9.), Hordaland Senterparti (1.11.), Telemark FrP (9.11.).

*Fagmiljø:* NSB konsernleiing (10.9.).

*Kommunar og fylke:* Suldal kommune, LMT-utval (28.1.), Kvam heradsstyre (20.4.), Telemark fylkeskommune, administrasjon og rådgjevarar (10.6.), Tokke kommunestyre (15.6.), Jondal kommunestyre (16.9.), Oppland Fylkeskommune (politisk sekretariat, 29.9.), Sør-Trøndelag fylkeskommune, utval næring og samferdsle (16.11.), Vestfold fylkeskommune, fagadministrasjon og leiar planutval (14.12.).

*Samarbeidsorganisasjonar for jarnbane:* Jernbaneforum Sør (9.3.), Jernbaneforum Midt-Norge (7.10.), Forum Nye Bergensbanen (13.10.).

*Næringsorganisasjonar:* Maskinentreprenørenes Forbund (23.1.), Vekst i Grenland (14.4.), NHO Telemark (27.5.), Midt-Telemark Næringsutvikling (11.6.), NHO Trøndelag (26.10.), Bergen Næringsråd (13.12.).

*Rotaryklubber, Lions o.l.:* Haugesund Rotary (5.1.), Haugesund-Sør Rotary (6.1.), Bø Rotary (26.1.), Sandefjord Rotary (15.9.).

*Miljøvernorganisasjonar:* Naturvernforbundet i Sør-Trøndelag, fylkesstyre (20.9.), Norges Naturvernforbund, generalsekretær (27.10.).

*Opne møte:* Ølen (7.1.), Jondal (8.1.), Røldal (27.1.), Odda (28.1.), Suldal (25.2.), Sauda (26.2.), Seljord (9.6.), Rosendal (16.9.).

*Deltaking på konferansar i regi av:* Jernbaneforum Sør (10.3.), Norges Naturvernforbund (21.4.), Natur og ungdom (23.4.), Sør-Trøndelag Fylkeskommune (27.4.), Jernbaneforum Gjøvikbanen (22.9.), Geelmuyden&Kiese (14.9.), Gøteborg-Oslo-samarbetet (15.9.), Forum Nye Bergensbanen (14.10.).

I tillegg kjem ei rad uformelle møte med kommunar, bankar, journalistar, aksjonærar, fagfolk innan jarnbane, osb. Fleire av styremedlemene er òg i andre relevante møte, t.d. i Samferdsledepartementet, men då primært som utsendingar for sine respektive partilag.

## 3. Anna informasjonsarbeid

Norsk Bane AS distribuerer i 2004 store mengder informasjon, ikkje berre på og etter møta, men òg som svar på hundrevis av førespurnader, gjennom nettverka for aksjonærar og andre interesserte, via heimesidene på Internett, som innlegg og andre innspel til mediene, ved deltaking i debattprogram, som bistand til studentoppgåver og som direkte innspel til det politiske miljøet og fagmiljøa. Responsen frå mange hald indikerer at Norsk Bane AS styrkjer omdømet sitt som ein kompetent faginstans.

Hausten 2004 byrjar arbeidet med ein ny struktur og design for heimesidene, også med hjelp av profesjonell assistanse. Også ein ny brosjyre er under førebuing, med plakatar som variant. Små ressursar og høge prisar på kartlisensar og relevante bilete tillet likevel berre små framsteg innan utgangen av året.

#### 4. Planarbeid

Sommaren 2004 byrjar Norsk Bane AS med å utarbeide planar for Oslo – Trondheim – Steinkjer med same grad av detaljering som for Haukelibanen. Selskapet har tidlegare gjennomført omfattande studier av aktuelle område for eit slikt banenettverk. Så langt ser det ut som om det detaljerte planarbeidet ikkje berre underbyggjer tidlegare, førebelse konklusjonar, men òg gjev grunn til å vente noko gunstigare resultat. T.d. har ein tidlegare rekna med 492 km bane-distanse mellom Oslo og Trondheim på nye spor, medan ein no granskar variantar med om lag 483 km distanse.

Norsk Bane AS etablerer samstundes dialogar med kommunale planavdelingar i Vestfold og Telemark for å unngå lite føremålstenlege planløyisingar for viktige baneprosjekt i desse fylka. I tillegg granskar ein somme stader nye variantar for Haukelibanen og tilgrensande samband.

Styret vurderer i november 2004 å førebu formelle høyringar om grunnlaget, utforminga og lokaliseringa av eit nytt banenett i Noreg, men vel å utsetje dette i påvente av høgfarutgrei-ninga for Stortinget.

#### 5. Om selskapet sine organ

##### *Aksjonærene*

Norsk Bane AS har 178 aksjonærar ved utgangen av året. Dei fleste har adresse i Rogaland, Telemark og Hordaland, men det blir etter kvart òg mange med adresse i andre landsdelar. Det er 13 kommunar blant aksjonærene som til saman eig 53,3 % av aksjekapitalen. Alle aksjonæ-rane får nokså ofte tilsendt orienteringar om aktuelle hendingar, ca. 15 gongar for året for dei som har elektronisk postkasse, og fem gongar for dei som ikkje har. På generalforsamlinga 9.6.04 er 59,5 % av aksjonærene representerte, anten personlege eller gjennom fullmakter.

##### *Styret*

Norsk Bane AS har i 2004, både før og etter generalforsamlinga i juni, følgjande styre: Kjell Stundal (leiar), Torfinn Opheim (nestleiar), Sigrid Brattebø Handegard, Gunnar Moland, Einar Velde, Erling Svalastog og Per Espen Fjeld. Styret har møte tre møte: 9.3., 24.5. (telefon) og 9.6.04. Styremedlemene mottek ikkje godtgjersle eller kompensasjon for tapt arbeidsinntekt i 2004, men betaler tvert om alle utgiftene, t.d. reiser, av eiga lomme. Styremedlemene har poli-tiske oppgåver i sine respektive landsdelar, i tillegg til tilsyns- og styrefunksjonen i selskapet.

##### *Dagleg leiar*

Norsk Bane AS har i 2004 éin tilsett, dagleg leiar Jørg Westermann. Det er ikkje registrert sjukefråvær eller skader. Dagleg leiar får løn for 30 % stilling i 2004, pluss etterbetaling slik at løna for 2003 saman i utbetalingane i 2003 kjem opp i 20 % stilling.

##### *Revisor*

Hans Grønnestad hjå Deloitte AS i Haugesund er Norsk Bane AS sin revisor i 2004, på same vis som i 2003 og 2002.

#### 6. Økonomi

##### *Om drifta*

Norsk Bane AS har i 2004 samla inntekter på kr. 390.510, og utgifter på kr. 359.604. Det resulterer i eit driftsoverskot på kr. 30.906 som saman med overskotet i 2003 går med til å

dekkje delar av underskotet i 2002. Låg rentenivå gjer at aksjekapitalen berre gjev renteinntekter på kr. 46.393. Selskapet lukkast heller ikkje med å selje konsulenttenester, m.a. av di Samferdsledepartementet bruker mykje tid til førebu høgfartsutgreiinga for Stortinget.

Norsk Bane AS har difor ikkje anna val enn å søkje om driftstilskot. Ein får positive svar frå Haugesund Sparebank (kr. 10.000), Vindafjord kommune (kr. 15.000), Fellesfondet for øvre Telemark (kr. 200.000), Kvam herad (kr. 30.000), Odda kommune (kr. 30.000), Jondal kommune (kr. 15.000) og Røldal Næringsfond (kr. 40.000), i alt kr. 340.000. Tilskota må ein sjå i samanheng med tilskota som selskapet fekk i desember 2003 frå kommunane Suldal, Sauda, Bykle og Vinje (kr. 25.000 kvar) og frå Etne kommune (kr. 15.000), dvs. totalt kr. 455.000 frå desember 2003 til desember 2004.

Norsk Bane AS strekker pengane svært langt. Selskapet betaler t.d. ein billettpris for dei om lag 50 flyreisene til dagleg leiar i 2004 på gjennomsnittleg kr. 410. Det er resultat av intensiv reiseplanlegging. Dei om lag 40 overnattingane er bokførde med gjennomsnittleg kr. 320 pr. natt, ikkje minst av di styremedlemar og aksjonærar har synt stor gjestfridom. Tilsvarende gjeld for all annan pengebruk.

Den høge møteaktiviteten til styret og dagleg leiar påfører det ytre miljøet påkjenningar i form av ureiningar frå transportmidlar. Andre påkjenningar er ikkje registrerte.

#### *Aksjekapitalen*

Norsk Bane AS har 178 aksjonærar og ein aksjekapital på kr. 2.134.000 pr. 31.12.2004. Det er berre 17 fleire aksjonærar og kr. 59.000 meir i aksjekapital enn ved det førre årsskiftet. Forklaringa er det låge rentenivået – som gjer det økonomisk lite interessant for selskapet å vinne fleire aksjonærar med berre ein eller to aksjar – og etableringa av foreininga "Høyfartsbanens Venner". Sistnemnde har førebels ikkje kome i aktivt arbeid.

## **7. Oppsummering**

Etter styret si vurdering har arbeidet for eit tevført nasjonalt banenett i 2004 fått avgjerande breidde og oppslutnad på mange viktige hald. Arbeidet er no ei politisk kraft i Noreg, og ikkje berre uttrykk for nokre eldsjeler sin kamp mot vindmøller. Denne krafta møter motstand, men arbeidet går likevel framover. Spørsmålet er ikkje lenger om, men når Norsk Bane AS vil vinne fram.

Føresetnaden er sjølvsagt at det økonomiske fundamentet for selskapet utviklar seg i minst same takt som oppgåvene og framstega på det politiske planet. Di større ressursar ein no får tilgang til, di snøggare vil ein sjå resultata. Norsk Bane AS si største utfordring er faktisk at ein i mange år har lagt ned ein mykje større innsats enn ein til vanleg får ut av dei disponible ressursane. Det er viktig å hugse i arbeidet framover.

Ålesund, 11.5.2005

Kjell Stundal  
styreleiar

Torfinn Opheim  
nestleiar

Sigrid. B Handegard  
styremedlem

Erling Svalastog  
styremedlem

Per Espen Fjeld  
styremedlem

Einar Velde  
styremedlem

Gunnar Moland  
styremedlem

**Norsk Bane AS**  
Resultatrekneskap

Note	2004	2003
<i>Driftsinntekter og driftskostnader</i>		
	344.117	116.000
	<b>344.117</b>	<b>116.000</b>
3	188.000	45.590
3	171.604	123.858
	<b>359.604</b>	<b>169.448</b>
	<b>-15.487</b>	<b>-53.448</b>
	46.393	85.056
	<b>46.393</b>	<b>85.056</b>
	<b>30.906</b>	<b>31.608</b>
2	8.654	8.850
	<b>22.252</b>	<b>22.758</b>
<i>Overføringer</i>		
	22.252	22.758
	<b>22.252</b>	<b>22.758</b>

# Norsk Bane AS

## Balanse

Note		2004	2003
	<i>Eigendelar</i>		
	<b>Anleggsmidler</b>		
2	Utsett skatteføremøn	128.540	137.194
	<b>Sum immaterielle eigendelar</b>	<b>128.540</b>	<b>137.194</b>
	<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>128.540</b>	<b>137.194</b>
	<b>Omløpsmidlar</b>		
	Kundefordringar	0	90.000
	Andre fordringar	4.372	901
	Bankinnskot, kontantar o.l	2.174.004	2.018.927
	<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>2.178.376</b>	<b>2.109.828</b>
	<b>Sum eigendelar</b>	<b>2.306.916</b>	<b>2.247.022</b>

# Norsk Bane AS

## Balanse

Note	2004	2003
<i>Eigenkapital og gjeld</i>		
<b>Innskoten eigenkapital</b>		
Aksjekapital	2.134.000	2.075.000
Overkursfond	6.408	5.133
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>	<b>2.140.408</b>	<b>2.080.133</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>		
Annan eigenkapital	-330.531	-352.784
<b>Sum opptent eigenkapital</b>	<b>-330.531</b>	<b>-352.784</b>
1 <b>Sum eigenkapital</b>	<b>1.809.877</b>	<b>1.727.349</b>
<b>Gjeld</b>		
Langsiktig gjeld elles	450.000	490.000
<b>Sum langsiktig gjeld elles</b>	<b>450.000</b>	<b>490.000</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>		
Leverandørgjeld	0	0
Skattetrekk og andre trekk	2.489	604
Anna kortsiktig gjeld	44.550	29.069
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>47.039</b>	<b>29.673</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>2.306.916</b>	<b>2.247.022</b>

Ålesund, 11.5.05

Kjell Stundal  
styreleiar

Torfinn Opheim  
nestleiar

Sigrid. B Handegard  
styremedlem

Erling Svalastog  
styremedlem

Per Espen Fjeld  
styremedlem

Einar Velde  
styremedlem

Gunnar Moland  
styremedlem

# Norsk Bane AS

## Noter til rekneskapen for 2004

### Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskapen er alle postar verdsette og periodiserte i samsvar med føresegnene i rekneskapslova og reglane som følgjer av rekneskapsskikk.

### Fordringar

Fordringane er førde opp i balansen med fordringa sitt pålydande etter frådrag for konstaterte og venta tap.

### Utsett skatt

Utsett skatt i resultatrekneskapen er skatt kalkulert ut frå endringar i mellombelse skilnader mellom skattemessige og rekneskapsmessige verdiar, og inngår som ein del av selskapet sine totale skattekostnader. Utsett skatt er sett av som langsiktig gjeld i balansen. I den grad utsett skatteføremon overstig utsett skatt, er utsett skatteføremon teke med i balansen dersom kriteriene for balanseføring er stetta.

### Note 1 – eigenkapital

	Aksje- kapital	Eigne aksjar	Over- kursfond	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
<b>Eigenkapital 1. januar 2004</b>	<b>2.075.000</b>	<b>0</b>	<b>5.133</b>	<b>-352.784</b>	<b>1.727.349</b>
<u>Endring i eigenkapitalen i året:</u>					
Kapitalutviding	59.000	0	915	0	59.915
Årsresultat	0	0	0	22.252	22.252
<b>Eigenkapital 31. desember 2004</b>	<b>2.134.000</b>	<b>0</b>	<b>6.408</b>	<b>-330.531</b>	<b>1.809.877</b>

Aksjekapitalen i selskapet pr. 31.12.2004 består av følgjande aksjeklassar:

	Antal	Pålydande	Bokført
A-aksjar	2.134	1.000	2.134.000
<b>Sum</b>	<b>2.134</b>		<b>2.134.000</b>



# Norsk Bane AS

## Noter til rekneskapen for 2004

### Eigarstruktur

Dei største aksjonærane i selskapet pr. 31.12.2004 var:

	A-aksjar	Sum aksjar	Eigarandel	Røysteandel
Vinje kommune	200	200	9,4 %	9,4 %
Sauda kommune	200	200	9,4 %	9,4 %
Suldal kommune	200	200	9,4 %	9,4 %
privat aksjonær	111	111	5,2 %	5,2 %
Bø kommune	100	100	4,7 %	4,7 %
Odda kommune	100	100	4,7 %	4,7 %
Notodden Utvikling AS	99	99	4,6 %	4,6 %
Sauda Sparebank	75	75	3,5 %	3,5 %
Sauherad kommune	50	50	2,3 %	2,3 %
Bø Sparebank	50	50	2,3 %	2,3 %
privat aksjonær	50	50	2,3 %	2,3 %
Tokke kommune	50	50	2,3 %	2,3 %
NAF Sauda og Suldal	50	50	2,3 %	2,3 %
Bykle kommune	50	50	2,3 %	2,3 %
Einar Velde	50	50	2,3 %	2,3 %
Haugesunds Handelskammer	50	50	2,3 %	2,3 %
Etne kommune	50	50	2,3 %	2,3 %
<b>Sum &gt; 1 % eigarandel</b>	<b>1.535</b>	<b>1.535</b>	<b>71,9 %</b>	<b>71,9 %</b>
Sum øvrige aksjonærer	599	599	28,1 %	28,1 %
<b>Totalt antal aksjar</b>	<b>2.134</b>	<b>2.134</b>	<b>100,0 %</b>	<b>100,0 %</b>

Aksjar og opsjonar eigde av styremedlemar og dagleg leiar:

Namn	Verv	A-aksjar
Kjell Stundal	Styreleiar	19
Einar Velde	Styremedlem	50
Gunnar Moland	Styremedlem	3

### Note 2 – skattekostnad

Skattekostnaden i år består av:

Betalbar skatt	0
Endring utsett skatt	8.654
<b>Total skattekostnad i år</b>	<b>8.654</b>

# Norsk Bane AS

## Noter til rekneskapen for 2004

<b>Utsett skatt</b>	<u>31.12.04</u>	<u>1.1.04</u>	<u>Endring</u>
Netto grunnlag	-459.071	-489.978	30.906
Utsett skatt 28 %	-128.540	-137.194	8.654

Alle mellombelse skilnader vil ein kunne utlikne, og dette er gjennomført i kalkylen av utsett skatt.

### Note 3 – Tilsette, godtgjersle, lån til tilsette, m.m.

Lønnskostnadene består av følgjande postar:

<b>Lønnskostnader</b>	<b>2004</b>	2003
Løn	164.769	39.956
Folketrygdsavgift	23.231	5.634
<b>Sum lønnskostnader</b>	<b>188.000</b>	45.590

Gjennomsnittleg tal på tilsette: 1

<b>Ytingar til leiande personar</b>	<b>Dagleg leiar</b>	<b>Styret</b>
Løn	151.396	0

### Revisor

Det er kostnadsført revisjonshonorar på kr. 6.700 i 2004.

## Posteringsdokumentasjon pr. 31.12.2004 – Norsk Bane AS

Nr.	Postering	Beløp	Debet	Kreditt
<b>Disponeringar</b>				
D5	Utsett skatt	8.654,00	8320 Endring utsett skatt	1070 Utsett skatteføremon
D22	Overført frå eigenkapital	22.252,12	8990 Overf. dekn.av udekt tap	2080 Udekt tap

## Norsk Bane AS

### Spesifikasjon av resultatrekneskapen

	2004	2003
<b>Salsinntekter</b>		
3100 Salsinntekt handelsvarer mva. fri	0,00	0,00
3190 Ref.bare utlegg for kjøpers rekn.	-4.117,40	-1.000,00
3400 Driftstilskot	-340.000,00	-115.000,00
	<b>-344.117,40</b>	<b>-116.000,00</b>
<b>Lønskostnader m.m.</b>		
5000 Løn til tilsette	147.115,00	35.675,00
5180 Opptente feriepengar	17.654,00	4.281,00
5182 Arb.gj.avg.av opptente feriep.	2.489,00	604,00
5400 Arbeidsgjevaravgift	20.742,00	5.030,00
	<b>188.000,00</b>	<b>45.590,00</b>
<b>Annan driftskostnad</b>		
6300 Leige kontorlokale	19.650,00	14.650,00
6340 Lys og varme kontor	2.113,35	2.898,70
6700 Revisjonshonorar	6.700,00	13.000,00
6790 Andre framande tenester	100,00	11.616,18
6800 Kontorrekvista	3.338,71	6.054,44
6810 Kopiering	1.468,15	1.209,68
6840 Faglitteratur	1.959,09	2.149,87
6890 Kontorutstyr og vedlikehald	17.260,76	3.556,45
6900 Telefon	15.291,66	14.897,50
6940 Porto	1.921,77	1.433,47
7100 Bilgodtgjersle, oppgåvepliktig	26.400,00	17.793,60
7140 Dokumenterte reiseutlegg	47.182,81	17.537,50
7150 Diett innland, utan overnatting	4.560,00	1.690,00
7151 Diett innland, med overnatting	12.865,00	5.570,00
7152 Natt-tillegg innland	5.600,00	3.200,00
7320 Reklamekostnader	1.343,95	0,00
7390 Annan salskostnad	3.799,03	6.262,00
7710 Styremøte og generalforsamling	0,00	293,00
7770 Bankomkostningar	50,00	45,43
7798 Andre driftskostnader	0,00	0,00
	<b>171.604,28</b>	<b>123.857,82</b>

## Norsk Bane AS

### Spesifikasjon av resultatrekneskapen

	2004	2003
<b>Finansinntekter/</b>		
8040 Renteinntekt	-46.393,00	-83.528,00
8060 Valutavinst	0,00	-1.527,96
	<u>-46.393,00</u>	<u>-85.055,96</u>
<b>Skattekostnad</b>		
8320 Endring utsett skatt	8.654,00	8.850,00
	<u>8.654,00</u>	<u>8.850,00</u>
<b>Overført til dekning av udekt tap</b>		
8990 Overført til dekning av udekt tap	22.252,12	22.758,14
	<u>22.252,12</u>	<u>22.758,14</u>

## Norsk Bane AS

### Spesifikasjon av balansen

	2004	2003
<b>Utsett skatteføremøn</b>		
1070 Utsett skatteføremøn	128.540,00	137.194,00
	<b>128.540,00</b>	<b>137.194,00</b>
<b>Kundefordringar</b>		
1500 Kundefordringar	0,00	90.000,00
	<b>0,00</b>	<b>90.000,00</b>
<b>Andre fordringar</b>		
2740 Oppgjerskonto mva.	4.372,44	901,40
	<b>4.372,44</b>	<b>901,40</b>
<b>Bankinnskot, kontantar o.l.</b>		
1930 Aksjekapitalkonto 2711.13.68134	2.173.952,00	2.018.484,00
1935 Overkurskonto 2711.13.65933	9,50	7,50
1936 Driftskonto 2711.13.69998	27,49	361,59
1950 Skattetrekkskonto 2711.13.71607	15,00	74,00
	<b>2.174.003,99</b>	<b>2.018.927,09</b>
<b>Aksjekapital (2.134 aksjar à kr. 1.000)</b>		
2000 Aksjekapital	-2.134.000,00	-2.075.000,00
	<b>-2.134.000,00</b>	<b>-2.075.000,00</b>
<b>Overkursfond</b>		
2020 Overkursfond	-6.408,50	-5.133,50
	<b>-6.408,50</b>	<b>-5.133,50</b>
<b>Annan egenkapital</b>		
2080 Udekt tap	-330.531,48	-352.783,60
	<b>-330.531,48</b>	<b>-352.783,60</b>
<b>Langsiktig gjeld elles</b>		
2290 Annan langsiktig gjeld	-450.000,00	-490.000,00
	<b>-450.000,00</b>	<b>-490.000,00</b>

## Norsk Bane AS

### Spesifikasjon av balansen

	2004	2003
<b>Leverandørgjeld</b>		
2410 Leverandørgjeld	0,00	0,00
	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>Skattetrekk og andre trekk</b>		
2600 Forskottrekk	0,00	0,00
2770 Skuldig arbeidsgjevaravgift	0,00	0,00
2780 Påløpt arbeidsgjevaravgift	-2.489,00	-604,00
	<b>-2.489,00</b>	<b>-604,00</b>
<b>Annan kortsiktig gjeld</b>		
2911 Gjeld til tilsette	-11.721,42	-11.787,59
2912 Gjeld til privatpersonar	-1.025,00	0,00
2940 Skuldig feriepengar	-17.654,00	-4.281,00
2980 Avsetn. framtidige forpliktingar	-14.150,00	-13.000,00
	<b>-44.550,42</b>	<b>-29.068,59</b>

Til generalforsamlingen i Norsk Bane AS

## REVISJONSBERETNING FOR 2004


Vi har revidert årsregnskapet for Norsk Bane AS for regnskapsåret 2004, som viser et overskudd på kr 22.252. Vi har også revidert opplysningene i årsberetningen om forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til disponering av overskuddet. Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger. Årsregnskapet og årsberetningen er avgitt av selskapets styre. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til revisorlovens krav.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorloven og god revisjonsskikk i Norge. God revisjonsskikk krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimer, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av selskapets formuesforvaltning og regnskaps- og intern kontrollsystemer. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et uttrykk for selskapets økonomiske stilling 31.12.2004 og for resultatet i regnskapsåret i overensstemmelse med god regnskapsskikk i Norge
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god regnskapsskikk i Norge
- opplysningene i årsberetningen om forutsetningen om fortsatt drift og forslag til disponering av overskuddet er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Haugesund, 11.mai 2005  
Deloitte

  
Hans Grønnestad  
statsautorisert revisor